



Karin Strømmen og Øyvind Ommedal
Skurtveitvegen 8
5917 ROSSLAND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2586 - 16/20631

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

28.10.2016

Godkjenning av søknad om utsett arbeidsfrist SMIL-prosjekt rydding av skog og oppsetting av gjerde Gbnr. 47/10 - Rossland

Administrativt vedtak. Saknr: 354/2016

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 27.10.2016.

Meland kommune har motteke søknad frå Karin Strømmen og Øyvind Ommedal om at fristen for å gjere ferdig SMIL-tiltak som det er løyvvd midlar til vert utsett. Tiltaket gjeld rydding av skog og oppsetting av gjerde på gnr. 47 bnr. 10 på Rossland sak 13/1076. Arbeidsfristen går ut 30.11.2016.

Vurdering:

Prosjektet har kome godt i gang, og det er i hovudsak bendsling av gjerdet som står att. Det er trong for litt meir tid til å få ferdigstilt gjerdet.

. Søkjarane reknar med å vere ferdig med arbeidet til sommeren 2017. Det er søkt om utsetting av arbeidsfristen med eit år for å få gjennomført prosjektet. Det er høve til å forlenge arbeidsfristen med 2 år fram til 30.11.2018. Kommunen vurderer det slik at den grunnen som ligger bak arbeidet ikkje vert avslutta innan fristen, må akseptarast.

Det er viktig for kommunen at arbeidet kan slutførast, og utsett frist vert løyvvd.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtak

«Meland kommune gjev med dette Karin Strømmen og Øyvind Ommedal utvida frist til 30.10.2017 med å gjennomføra tiltaket som det vart løyvd pengar til i delegert vedtak, sak 13/1076. Det er ingen endring i vilkåra som gjeld for gjennomføring. Kommunen syner i denne samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak, sak 13/1076.

Vedtaket har heimel i § 3 forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

Mottakere:

Karin Strømmen og Øyvind
Ommedal

Skurtveitvegen 8 5917

ROSSLAND